



Justis- og beredskapsdepartementet
Hordalandsbenken på Stortinget

Dato: 06.02.2018
Vår ref.: 2014/10378-49
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Uttale om nedlegging av fengselsdrifta ved Bergen fengsel avd. Osterøy

Hordaland fylkesutval har i møte 01.02.2018 vedteke slik uttale mot fem røyster (H og FrP):

"Nedlegging av fengselsdrifta ved Bergen fengsel avd. Osterøy - uttale

Måndag 22. januar 2018 vart tilsette og innsette ved Bergen fengsel avdeling Osterøy (Ulvsnæsøy) informert om at avdelinga vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvsnæsøy Skolehjem, som eig øya, ønsker å selja. Justis- og beredskapsdepartementet har, etter råd frå Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) valt å ikkje akseptere tilbodet om kjøp. Dette er grunngeve med at det er venta høge driftskostnader som følge av naudsynt vedlikehald og oppgraderingar (Statsbygg) og at behovet for soningsplassar med lågare sikkerhet etter prognosane vil vera synkande i åra som kjem. Kriminalomsorgsdirektoratet er tydelig på at vedtaket sjølv om kvaliteten på arbeidet som vert utført ved avdelinga held eit særst høgt nivå.

Fylkesutvalet i Hordaland er negativ til dette vedtaket og vil med dette føra følgande argument for at Justis- og beredskapsdepartementet skal finna ei løysing for vidare drift ved avdelinga på Osterøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnæsøy unikt. Avdelinga har særst gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til særst god rehabilitering.
2. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.
3. Avdelinga i Osterøy representerer statlege kompetansearbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå mange av kommunane i nærleiken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føre til ei uønskt sentralisering av statlege kompetansearbeidsplassar.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokal næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy og Vaksdal i Vaksdal.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostnader i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskelig perspektiv. Kampen mot kriminalitet føregår på mange plan. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar om å trygge samfunnet gjennom soningsløp med få brot og å sette innsette betre i

stand til et lovlydig liv etter fullført straff. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje grunn til å tru at ei nedlegging av Osterøyavdelinga bidreg til dette.

Fylkesutvalet i Hordaland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy slik at noverande eller alternative tilbod på denne staden vert vurdert i samband med konsekvensvalutgreiinga (KVU) som no er under arbeid i direktoratet.

Det vil vere eit stort tap om det skulle bli lagt ned.

Med helsing



Anne Gine Hestetun
fylkesordførar